

Voss, den 24.06.2014  
Dykkar ref. 14/2284

## Innspel frå Ole Bull Akademi til arbeidet med utredning om kunstnarøkonomi

Ole Bull Akademi er glad for at Kulturdepartementet har sett i gang ei utredning om kunstnarøkonomien. Som ein av dei samfunnsaktørane som utdannar framtidige kunstnarar er det viktig at det finst gode og føreseielege finansieringsordningar, både til konkrete prosjekt, og stipendordningar som gjer det mogeleg å gå fagleg i djupna i ein kortare eller lengre periode.

Talet på kunstnarar i Norge har auka dei seinare åra. Stipendmidlane og finansieringsordningane for store og små prosjekt har samstundes stått om lag stille. Ein kan sjølvstilt stille spørsmål om det er, og blir utdanna for mange kunstnarar i Noreg. Ole Bull Akademi meiner det er behov for å utdanne gode kunstnarar i alle kunstfaglege disiplinar. Det vil aldri vere slik at det er arbeidsmoglegheit til alle som ønskjer det. Den kulturelle Darwinismen er ein viktig faktor for at vi får den eine eller dei få einarane innafor kvart fagfelt. Vårt inntrykk er likevel at det innafor folkemusikkutdanningane er svært få utøvarar som ikkje er i jobb. Det er eit teikn på at det både er marknad for gode utøvarar, samstundes som ein del av desse studentane også kombinerer utøving og undervisning med andre yrkesval (og yrkesutdanningar). Dette trur vi er positivt for folkemusikkfeltet som heilskap.


Ole Bull Akademi har følgjande innspel:

- Auke talet på kortare og lengre arbeidsstipend for folkekunstnarar. Her er det for få stipend. Stipenda er etter måten små, men gjev mykje att i form av kunstnarisk produksjon.
- Auke støtta til lokale og regionale konsertscener, og auken i midlar bør slik vi ser det gå til sjangerfrie scener. Dette vil gje fleire mogeleg konsertstader for musikarar innafor ulike sjangrar, også for folkemusikarar, og ein byggjer eit publikum som er opne for nye inntrykk og uttrykk. Fleire spelestader vil gje betre økonomi for fleire musikarar.
- Oversiktlege og effektive støtteordningar: Her er vi på god veg gjennom stønadsordningane til Norsk kulturråd, Fond for utøvende kunstnere, Fond for lyd og bilde. Dette er den mest effektive måten å stimulere til kunstnarisk produksjon, og det er vårt ønskje at midlane til kortare og lengre prosjektmidlar kan aukast i åra som kjem.

- Samstundes registrerer vi at det er ei lang saksbehandlingstid hjå fleire av fonda. Dette er uheldig, då det bør vere kort veg frå idé til realisering. Seks månaders behandlingstid for t.d. ensemblestøtte gjer at utøvarar både bind prosjektid, og ikkje får realisert prosjekt på grunn av denne unødvendig lange ventefasen.
- Ole Bull Akademiet er positiv til at private fond og aktørar kan vere med å finansiere kultur. Dersom det lukkast å få til eit tettare samarbeid om kunst- og kulturfinansiering, vil dette vere eit vinn-vinn-forhold for alle partar. Vi registrerer samstundes at det er ein lang veg å gå å få norske næringslivsleiarar til å initiere samarbeid med kunst- og kulturområdet. Det har i liten grad vore kultur for kultur innan norsk næringsliv (og i utdanningssystemet mange av desse blir rekruttert frå), då sjølvstøtte med nokre heiderlege unnatak. Difor trur vi at offentlege støtteordningar framleis vil spele den viktigaste rolla for å finansiere eit variert kulturuttrykk.
- Auka fokus på entrepenørskap er eit viktig virkemiddel for å styrke kunstnarøkonomien. Vi registrerer at folkemusikkutøvarar, både innafor spel og dans, har markert seg som gode ambassadørar for kulturell entrepenørskap på ulikt vis. Gode døme er Rudi Gard i Sør-Fron og Fausko Skysstasjon i Hemsedal, som begge har brukt forankringa i spelemanns- og folkemusikkmiljøet til å lage opplevingsturisme, konsertscener og serveringsbedrifter som blir lagt merke til nasjonalt og internasjonalt. Dette har gjeve betydelege inntekter til kunstnarar frå heile Noreg, ikkje minst lokalt og regionalt. Frikar, Kartellet og Villniss er døme på ein annan type entrepenørskap som spring ut frå reint kunstnariske idéar, og som gjennom ulike produksjonar og framsyningar etablerer arbeidsplassar for så mange frilansdansarar i dag, at det er for lite utøvarar på marknaden. Gjennom gode og ikkje minst føreseielege stønadsordningar vil vi håpe og tru at vi ser fleire gode og livskraftige døme på kulturell entrepenørskap i åra som kjem, noko vi håpar Regjeringa vil stimulere til.
- Fonogramstøtta har vore med å sikre eit variert musikkuttrykk i Noreg. Ole Bull Akademiet ser med uro på at salsinntektene på fonogram har gått så dramatisk ned, at det er med å true livsgrunlaget både for utøvarar og for norske plateselskap. Dersom vi også i framtida skal få gjeve ut eit breitt spekter av norsk musikk er det viktig at det finst finansieringsordningar som gjer at produksjonane kan finansierast. Streaming gjev inntekter for plateselskapa på ein ny måte, og det er dessverre dei færraste små og mellomstore selskapa som har finansielle musklar til å finansiere nye produksjonar innafor smalare segment, eller med ukjende utøvarar, utan god offentlig og privat medfinansiering. Samstundes ser vi også at for dei aller fleste utøvarar er det viktig å ha fonogram å vise til i kampen om å få spelejobbar.
- Ein interessant konsekvens av fallande platesal er også at stadig fleire av dei veletablerte artistane må meir ut på vegen. Dette har også ført til at konsertmarknaden er meir pressa enn nokon gong, ikkje minst for unge, ny-etablerte musikarar. Gode støtteordningar for turnår er difor store delar av musikkfeltet heilt avhengig av, sjølvstøtte med unnatak av dei mest kommersielle aktørane.

- Ein må vere viljuge til å seie at ikkje alle skal eller kan leve som kunstnar på full tid. Det er viktig at ein har gode finansieringskanalar for prosjekt og idéar, i tillegg til gode stipendordningar som kunstnarar kan søkje på. Samstundes vil det alltid vere ein større etterspurnad enn det det er råmer for. Kompetente fagjuryar og fagorgan som vurderer søknadene er etter vår meining ei god ordning som fungerer godt i dag. Vi meiner at stipend- og støttebeløpa bør aukast, men då som ei generell styrking av kulturbudsjettet. Det fungerer etter vår meining bra at kulturmidlane blir spreidde på mange slik dei gjer i dag. Slik får ein mykje kultur for relativt sett lite midlar.

Med helsing



Jo Asgeir Lie  
Rektor

---

Postadresse:  
Postboks 443,  
5703 Voss

Telefon:  
56 51 65 00  
Telefax:  
56 51 48 63

E-post:  
[oba@olebull.no](mailto:oba@olebull.no)

Heimeside:  
[www.olebull.no](http://www.olebull.no)

Bankgiro:  
3480.05.04351

Org.nr.:  
964 009 805